



Klima og miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Dato: 11.02.2015
Vår ref.: 2014/24243-2
Saksbehandlar: brispje
Dykkar ref.:

Fordeling av midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420 post 78, i Hordaland

Hordaland fylkeskommune viser til dykkar rundskriv T-1/14 om tilskotsordninga for 2015 innan naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern og forureining.

Midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420 post 78, vert omtala i rundskrivet på side 22-24. Søknadsfrist er 1. februar og de set krav om at søker skal vere underretta om tildeling innan 1. april 2015. I løpet av mars får vi melding frå Miljødirektoratet om tildeling for 2015.

Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 22. januar 2015 at fordeling av midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420 post 78 skal skje ved politisk vedtak. 16. april 2015 er første moglege dato for dette vedtaket, og såleis kan Hordaland fylkeskommune ikkje innfri dykkar krav om at søker skal vere underretta om tildeling innan 1. april.

Hordaland fylkeskommune vil be Klima- og miljøverndepartementet tilpasse tidsfristar for tilskotsordninga til det regionale folkevalde nivået i rundskriv for 2016. Då kan ein sikre god politisk handsaming der tilskotsordningane innan friluftsliv blir vurdert i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordninga. Vi vil også be om at fylkeskommunane så tidleg som mogeleg på året får vite tildelt sum på dei ulike tilskotsordningane, og at midlane vert overført til fylkeskommunane medio april slik at vi kan utbetale tildelte midlar til søker slik at dei får omsett dette i aktivitet.

Ta kontakt med fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld, britt.karen.spjeld@hfk.no tlf. 45666326 om de har spørsmål eller treng meir informasjon.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Bergen og Omland Friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Friluftsrådet Vest	Postboks 63	5575	AKSDAL